



Helsedirektoratet  
Postboks 9000 - St Olavs plass  
0130 OSLO

Dato: 28.11.2014  
Vår ref.: 2014/21167-3  
Saksbehandlar: arnasan  
Dykkar ref.:

## Søknad om nasjonalt senter for behandling av odontofobi

Senter for odontofobi (SFO) blei starta i 1992 som eit samarbeid mellom Universitet i Bergen og Hordaland fylkeskommune. Samarbeidet heldt fram til tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk) Vest/Hordaland blei etablert i august 2012 i det nye odontologibygget på Årstadvollen. Frå då av fekk Hordaland fylkeskommune det heile ansvaret for drifta av SFO, organisert under TkVest/Hordaland.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har dei seinare åra hatt ei stor og målretta satsing for å gje menneske som har sterk angst for tannbehandling eit betre tannhelsetilbod. Gruppa er og utvida til å omfatte menneske som har vore utsett for tortur og overgrep. Ansvaret for gje eit slik tannhelsetilbod er lagt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra.

I lys av denne satsinga vil det vera viktig og riktig å oppretta eit nasjonalt senter for odontofobi. Eit slikt senter vil kunne forankre og vidareføre den kunnskapen og den røynsla som allereie er etablert, samt sikre vidare fagutvikling og forskning i fagområdet – både i offentleg og privat sektor. Med eit nasjonalt senter kan fagpersonar frå dei ulike forskingsbaserte odontofobimiljøa i Norge (Oslo, Tromsø og Bergen) knyttast saman og bidra til ei nasjonal planutvikling. Det nasjonale odontofobisenteret vil då vera drivkraft i eit forskingsnettverk, noko som er i tråd med HelseOmsorg21 sine tilrådingar.

Hordaland fylkeskommune søker med dette om at SFO ved TkVest/Hordaland vert tillagt funksjonen som eit nasjonalt senter for førebygging og behandling av odontofobi.

Arne Åsan  
fylkestannlege

Vedlegg:

Protokoll frå møte i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune den 20. november 2014

Søknad om et nasjonalt senter for odontofobi – frå TkVest/Hordaland

Senter for odontofobi – historikk 1992 - 2012

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*